



JournalpostID: 26/10346
Sakshandsamar: Anita Solberg
Dato: 19.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/26	Administrasjonsutvalet	27.08.2026

Retningslinjer for utdanning, stipend og kompetanseløn

Vedlegg:

Stipend

Retningslinjer for utdanning, stipend og kompetanseløn (2)

Søknadsskjema - Utdanning, utdanningspermisjon, eventuelt utdanningsstipend (2)

Søknadsskjema kompetanseløn

Tilleggsvedtak om utdanningsstipend og bindingstid

Vedtak om utdanning, utdanningspermisjon, tilrettelegging

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

ADMU rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Framlegg til Retningslinjer for utdanning, stipend og kompetanseløn vert vedteke slik det ligg føre.

Retningslinjene skal erstatte tidlegare Retningslinjer for tildeling av utdanningsstipend, vedtekne i kommunestyret 21.06.2016.

Bakgrunn for saka:

Bremanger kommune har frå før eigne retningslinjer for utdanningsstipend frå 2016. Reglar og praksis for utdanning, utdanningspermisjon, stipend og kompetanseløn har i tillegg vore forankra i fleire dokument og i kommunen si praktisering.

Det er no utarbeidd framlegg til nye samla retningslinjer for utdanning, stipend og kompetanseløn. Målet er å få eit meir oversiktleg og samla system, og å skape betre samanheng mellom søknad om utdanning, vurdering av permisjon og tilrettelegging, eventuell stipendstøtte og vurdering av kompetanseløn.

Det er også laga tilhøyrande søknadsskjema og vedtaksmalar, slik at sakshandsaminga blir meir einsarta og meir føreseieleg for både leiarar og tilsette.

Administrasjonsutvalet 27.08.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef Anita Solberg orienterte

- Presentasjon ligg ved

ADMU- 007/26 Vedtak:**Samrøystes vedtak:****ADMU rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Framlegg til Retningslinjer for utdanning, stipend og kompetanseløn vert vedteke slik det ligg føre.

Retningslinjene skal erstatte tidlegare Retningslinjer for tildeling av utdanningsstipend, vedtekne i kommunestyret 21.06.2016.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Arbeidsmiljølova

Hovudtariffavtalen

Hovudavtalen

Saksopplysningar:

Framlegg til nye retningslinjer byggjer vidare på den tidlegare stipendordninga, men samlar fleire forhold som tidlegare har vore regulerte ulike stader. Den gamle ordninga frå 2016 gjaldt i hovudsak utdanningsstipend. Det nye framlegget omfattar i tillegg søknad om utdanning, utdanningspermisjon, eventuell tilrettelegging, stipend, bindingstid, tilbakebetaling og kompetanseløn.

Det nye framlegget inneber mellom anna:

- at kommunen får eitt samla system for utdanning, permisjon, stipend og kompetanseløn
- at det blir brukt eitt felles søknadsskjema for utdanning, utdanningspermisjon og eventuell søknad om stipend
- at det blir brukt eige søknadsskjema for kompetanseløn
- at det er laga egne vedtaksmalar for godkjenning av utdanning/permisjon og for stipend og bindingstid
- at utdanning må vere søkt og godkjend før oppstart dersom ho skal kunne gi grunnlag for kompetanseløn
- at stipend blir vurdert på grunnlag av dokumenterte utgifter
- at reglane om bindingstid og eventuell tilbakebetaling blir samla og gjort tydelegare
- at ordninga blir knytt tettare til kommunen sine kompetansebehov, rekrutteringsbehov og strategiske lønspolitikk

Retningslinjene presiserer også kven ordninga gjeld for. Som hovudregel gjeld dei lokale ordningane for fast tilsette. Mellombels tilsette vil framleis ha dei rettane som følgjer av lov og avtaleverk, men dei lokale ordningane om permisjon med løn, utdanningsstipend og kompetanseløn er i utgangspunktet avgrensa til fast tilsette.

Det nye framlegget skil også tydelegare mellom godkjenning av utdanninga og seinare vurdering av stipend. Kommunen kan først ta stilling til om utdanninga er relevant og om permisjon eller tilrettelegging skal innvilgast. Eventuelt stipend blir deretter vurdert når faktiske kostnader er dokumenterte.

Når det gjeld kompetanseløn, er dette no knytt tydelegare til strategisk lønspolitikk og til kommunen si kompetansestige. Fullført og dokumentert utdanning kan gi grunnlag for lønsauke dersom utdanninga er godkjend på førehand og vilkåra elles er oppfylte.

Vurdering:

Saka må særleg vurderast opp mot arbeidsmiljølova, Hovudtariffavtalen, permisjonsreglementet og kommunen sin strategiske lønspolitikk.

Retten til utdanningspermisjon følgjer av lov- og avtaleverk. Det finst ikkje nokon generell rett til permisjon med løn, utdanningsstipend eller kompetanseløn. Slike ordningar må derfor regulerast lokalt.

Hovudtariffavtalen legg vekt på kompetanseutvikling og at kommunen skal arbeide målretta og planmessig med opplæring og utvikling av dei tilsette. Dei lokale retningslinjene bør derfor støtte opp under kommunen sine kompetansebehov og bidra til lik praksis.

Kommunedirektøren vurderer at det er behov for å samle og oppdatere kommunen sine reglar på dette området.

Dagens ordning har vore noko uoversiktleg fordi utdanningsstipend, permisjon, kompetanseløn og praktisk sakshandsaming har vore forankra i ulike dokument og dels i praksis. Med dei nye retningslinjene får kommunen ei meir samla ordning, som vil vere enklare å forstå og enklare å praktisere både for leiarar og tilsette.

Det er også positivt at retningslinjene gjer det tydeleg at utdanning må vere relevant for kommunen sine behov, og at utdanning som skal kunne gi grunnlag for støtte eller kompetanseløn må vere avklart på førehand. Dette gir betre samanheng mellom kommunen sitt kompetansearbeid, ressursbruk og strategiske mål.

Vidare gir dei nye retningslinjene ei ryddigare ordning for stipend og bindingstid. Det er ein fordel at søknad om utdanning og eventuell søknad om stipend blir samla i eitt system, medan endeleg vurdering av stipend kan gjerast når kostnadene er dokumenterte.

Etter kommunedirektøren si vurdering vil dei nye retningslinjene gi betre samanheng, likare praksis og meir føreseieleg sakshandsaming enn ordninga kommunen har i dag.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Vedtak av nye retningslinjer inneber i seg sjølv ikkje direkte nye økonomiske plikter utover dei ordningane kommunen allereie har valt å ha. Retningslinjene er i hovudsak ei samla og tydeleggjord regulering av korleis kommunen skal handtere utdanning, permisjon, stipend og kompetanseløn.

Retningslinjene kan likevel få økonomisk betydning over tid, fordi dei legg føringar for korleis kommunen prioriterer støtte til utdanning, bruk av permisjon med løn, stipend og kompetanseløn. Samstundes kan ei tydelegare og meir samla ordning bidra til meir lik praksis og betre prioritering av ressursar.